
Saksnr: 2020/1734-18
Saksbehandlar: Erlend Hofstad
Dato: 02.11.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap 2020. Orientering om midlar fordelt til strakstiltak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde i møte 21. april 2020 vedtak om fordeling av tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71, tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap.

Hovudutvalet vedtok òg at ubrukte tilskot som er trekt inn og ikkje fordelt, samt renteinntekter, til saman kr 1 597 961,- vert sett av til strakstiltak og dendrokronologiske analysar. Utvalet gav fylkesdirektøren fullmakt til fordeling av desse midlane, og bad om ein orientering om korleis desse midlane har vorte fordelt.

Tabellen nedanfor viser tiltaka som har fått ekstramidlar fram til 5. november, og kor mykje som står att at midlar til strakstiltak. Det som eventuelt ikkje vert fordelt av dei resterande midlane, går inn i summen som er til rådvelde ved den ordinære fordelinga av tilskotsmidlar våren 2021.

Objekt og søkjar	Tiltak	Vurdering	Tildeling
Sveen, hovudhuset (Sunnfjord kommune) John Øvrebø	Utbetring av takrenner	Takrennene vart sett i stand i samband med den omfattande istandsetjinga av huset. Arbeidet vart ikkje godt nok utført og takrennene er ikkje tette. Eigar har forsøkt å få utøvande handverkar til å rette opp feilen som reklamasjon, men har ikkje lukkast å få dette til. Fylkesdirektøren har vurdert det som viktig at takrennene vert tette slik at vatn frå dei ikkje påfører huset nye skadar.	84 000
Kaupanger hovedgård, områdefredinga (Sogndal kommune) Kaupanger hovedgård Nils Joachim Knagenhjelm	Istandsetjing av mur i Kaupangselvi	Kaupangselvi går igjennom det freda området ved Kaupanger hovudgård og Kaupanger stavkyrkje. Langs delar av elva går det ein mur i turrstein som vernar innmarka mot vår- og haustflaumane. Dei seinare åra har muren blitt gradvis dårlegare og i fylje eigar har delar av muren rast ut sist vinter. Eigar har mellombels sikra muren, men det er behov for å gjere eit meir permanent istandsetjingsarbeid på muren. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at muren vert sett i stand, helst før haustflaumane kjem, for å hindre skader på innmarka . Av den grunn meiner fylkesdirektøren at tiltaket	100 000

		kvalifiserer til å få tilskot frå midlane som er avsett til strakstiltak.	
Ormelid, vedhuset (Luster kommune) Stiftinga Ormelid gard	Sikringstiltak, vernekleiding	Vedhuset står med tømmerkonstruksjonen eksponert og skotet framfor inngangsdøra er ope på tre sider. Dermed vert tømmerkassen utsett for fukt, spesielt i nord/austre del av bygningen. Tunet ligg høgt og vêrhardt til, og som fylje av klimapåkjenninga, er det behov for at konstruksjonen vert beskytta. I samband med dispensasjonshandsaminga til tiltaket uttrykte fylkeskommunen bekymring for at dersom ein ikkje gjer tiltak for å beskytte konstruksjonane i bygningen, vil dei etterkvart gå tapt. Bygningen er eigd av ei stifting som har avgrensa midlar. På grunn av dette, samt behovet for å få gjennomført sikringstiltak på bygningen for å beskytte konstruksjonen, har fylkesdirektøren vurdert at ein i denne saka kan løyve eit tilskot som dekker dei største delane av arbeidet.	240 000
Dalheim/ Singerheimen (Stryn kommune) Stiftelsen William H Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde	Bakkemur bak bungalowen	Det vart i PS 50/2020 løyvd kr 239 000,- til istandsetjing av bakkemuren bak bungalowen. Etter nærare undersøkingar viser det seg at ein må gjere eit meir omfattande arbeid på bakkemuren enn det ein først hadde planlagt. Utforminga av hageanlegget var ein viktig del av heilskapen i anlegget på Dalheim og dei bevarte strukturane i hageanlegget er føreslått freda . Av den grunn er det viktig at muren er mest mogleg lik den opphavlege etter at den er sett i stand. Det er allereie løyvd midlar til dette prosjektet og det er starta opp. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at arbeidet vert ferdigstilt. Dalheim er eit stort anlegg som er eigd av ei stifting med svært avgrensa økonomiske midlar. På bakgrunn av eigar sin økonomiske situasjon og den store vedlikehaldsbyrda med anlegget, har fylkesdirektøren vurdert at fylkeskommunen i dette tilfellet kan løyve eit tilskot som dekker dei største delane av arbeidet.	238 000
Bergen Barneasyl (Bergen kommune) Stiftelsen Seminarium Fredericianum	Istandsetting fasade mot gardsplassen	Tiltaket fekk 750 000 i førehandstilsegn for 2020. Fylkesdirektøren vurderte at ekstratilskotet var naudsynt for å fullføra tiltaket i år. Det er teke omsyn til at søkar hadde budsjettert med eit tilskot på 100 000 som vart tildelt i 2016, men seinare trekt inn att.	85 408
Sandå stikningsbu (Ulvik herad) Thomas Laugsand Erlien	Sikring av bygningen, fjerning av snø.	Det har i år vore så store snømengder at bua har vore heilt dekt av snø. For å unngå skader på bygningen, har det vore naudsynt å få fjerna snøen så raskt som råd. Fylkesdirektøren vurderte at	26 125

		kulturminnet var akutt truga og fann grunnlag for å tildele straksmidlar.	
Otternes bygdetun (Aurland kommune) Stiftinga Otternes bygdetun	Ferdigstilling av Håkonstova	Stiftinga Otternes Bygdetun har fått sett i stand Eilertstova og Nystova i 2020. I rapporten for Eilertstova og Nystova vert det og synt til at ein og prioriterte arbeidet med å ferdigstille Håkonstova innvendig, noko som vart dyrare enn føresett. Fylkesdirektøren vurderte det som tenleg å tildele midlar til strakstiltak slik at arbeidet innvendig kunne ferdigstillast. Utvendig står det i hovudsak att å montere hovuddør og kjellardør.	200 000
Kronstad hovedgård (Bergen kommune) Stiftelsen krigsveteranenes minne Kronstad hovedgård	Ferdigstilling av vindfang mot sør	Kronstad hovedgård har hatt sær store utgifter i samband med istandsettinga. Fylkesdirektøren vurderte det som viktig å få montert og ferdigstilt vindauge og dører i vindfang sør, slik at bygningen vert tett til vinteren og arbeidet som alt er utført, ikkje tek skade.	148 500
Dendro-boring / analyse	Undersøking av hus som kan vere frå før 1650	Løe i Bensentunet. Løe i Midttunet. Stabbur på Heggheim. Stabbur på Holsen. Eldhus på Bakka.	115 000
		Samla tildeling av ekstramidlar	1 237 033
		Resterande ekstramidlar per 5.11.2020	360 928